



Planprogram  
Detaljregulering for

Framlegg til planprogram

Versjon  
19.09.2022

Vanylven kommune  
Planid 202201



## Innhald

1. Innleiing .....	3
2. Overordna rammer/kommunale føringar.....	4
3. Prosess planarbeid .....	6
4. Omtale av planområdet .....	9
5. Konsekvensutgreiing (KU) .....	12
6. Samandrag utgreiingsbehov/nivå .....	22

Figur 1 Illustrasjon på framsida syner plan avgrensinga til detaljplan MOWI Rovde.



Kontaktinformasjon:  
 Adresse: Vikeøyrane 7, 6150 Ørsta  
 E-post: [plan@oseing.no](mailto:plan@oseing.no)  
 Tel.: 70 04 52 20  
 Heimeside: [www.oseing.no](http://www.oseing.no)



Figur 2 Lokalisering av planområdet, planområdet er markert med blå avgrensing.

## 1. Innleiing

### 1.1 Bakgrunn

Bakgrunn for planarbeidet er å leggje til rette for utviding og auke av dagens produksjon av smolt – for å auke snittvekter på smolten før utsetting i sjø, som er eit viktig tiltak mot luseutfordringar, leggje betre til rette for lasting av brønnbåt og transport på kjøl av fôr til anlegga.

### 1.2 Lokalisering

Planområdet ligg ved Sundnesbogen i Rovde, ved fylkesveg 652 i Vanylven kommune.

### 1.3 Grunneigar

Tiltakshavar har avtale med grunneigarar om areal innanfor planområdet. Rovde møbel er med på planarbeidet.

### 1.4 Plankonsulent

OSE AS utfører planarbeidet for tiltakshavar MOWI ASA.

### 1.5 Mål med planarbeidet

Målsetjing med planen er å leggje til rette for å:

- Å auke produksjon av smolt
- Å leggje til rette for at fisk med større snittvekter kan setjast ut i sjø (miljøtiltak for lus m. m.)
- Føre opp nye produksjonsbygg med nødvendige funksjonar, RAS- teknologi
- Kai for å betre transport på kjøl
- Fylle ut i sjø for å auke næringsareal

- Sikre/gjenbruk av matjord
- Regulere areal til gang- og sykkelveg
- Tiltak for trafikktrygging (avkøyrslar)

### 1.6 Føremål med planprogram

Planprogrammet skal:

- Opplyse om føremål med planarbeidet
- Avgrense planarbeidet/planområdet
- Gje rammer og føringar for planarbeidet
- Klargjere konsekvensar og problemstillingar
- Omtale framdrift
- Omtale opplegg for informasjon og medverknad
- Gje greie for korleis området er ønska utnytta
- Syne behov for utgreiingar/vurderingar



Bilete 1 Eksisterande masseuttak ved elva.

## 2. Overordna rammer/kommunale føringar

### 2.1 Sentrale lover

Plan- og bygningsloven (pbl)

- Utarbeiding av detaljplan etter pbl.

Naturmangfaldlova

- Vurdering av konsekvensar planen vil få for naturmiljø

Folkehelselova

- Vurdering av konsekvensar for folkehelse

Minerallova

- Fremje og sikre forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursar

Forureiningslova

- Verne miljø mot forureining

### 2.2 Forskrifter

Forskrift om konsekvensutredning

- Vurdering om planar og tiltak skal konsekvensutgreiast

Byggteknisk forskrift (TEK17)

- Krav for å føre opp lovlege bygg

Vassforskrifta

- Gjev ramme for miljømål av vassførekomstar.

### 2.3 Overordna rammer og føringar

[Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen](#)

- Areal i strandsona er lagt ut til utbyggingsområde.

[Rikspolitisk retningslinje for samordnet bustad-, areal og transportplanlegging](#)

- Vidare utvikling av eksisterande lokalitet

[Statlig planretningslinje for klima og energiplanlegging og klimatilpassning](#)

- Det blir lagt føringar for å redusere konsekvensar av tiltaket.

[Retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen](#)

- Det blir lagt føringar for å redusere konsekvensar av tiltaket.

[Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging](#)

- Det blir lagt føringar for å redusere konsekvensar av tiltaket.

### 2.4 Regionale føringar

Fylkesplan for Møre og Romsdal

- Gjev overordna føringar for blant anna næring, kompetanse og verdiskaping

Regional delplan klima og energi

- Planen legg strategiar og mål for klimaarbeidet i Møre og Romsdal

[Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion](#)

- Legg føringar for forvaltning av vassressursar

### 2.5 Kommunale føringar

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Vanylven kommune til 2020. Er under rullering.

- Mål for næringsutviklinga (utdrag)
  - Allsidig næringsliv


- Utvikling miniklynge for næringsmiddelproduksjon, både marint og landbruk
- Vanylven kommune skal vere det føretrekte området for etablering av nyskapande matproduksjon

### Kommuneplanen sin arealdel til 2020

- Legg føringar for arealbruken i kommunen
  - Delar av planområdet er lagt ut til næringsformål og anna utbyggingsområde i sjø (småbåthamn).
  - Delar av planområdet har formål LNF (Landbruk-, natur og friluftsliv)
  - Veg med gang- og sykkelveg

### Reguleringsplan

- Området er ikkje regulert frå før. Det er ikkje regulert i nærområdet.



Figur 3 Utsnitt av kommuneplanen sin areal med framlegg til plangrense.

### 3. Prosess planarbeid

#### 3.1 Prosess

Orientering om planprosessen:

##### 3.1.1 Oppstart/høyring av planprogram

Det blir varsla oppstart av planarbeid saman med høyring av planprogram for detaljplan MOWI Rovde. Planprogrammet skal vere minst 6 veker på høyring. Merknadsfrist til planarbeidet vert opplyst i utsendingsbrev, annonse og på kommunen og OSE AS sine heimesider under kunngjeringar. Det blir lagt opp til felles varsel for oppstart av planarbeid og høyring av planprogram.

Etter høyring blir innkomne merknadar vurdert og eventuelle justeringar av planprogrammet blir innarbeidd. Dersom det blir lagt opp til store endringar, må planprogrammet på ny høyring. Med berre justeringar av planprogrammet kan det fastsettast av planmynde (kommunen).

##### 3.1.2 Høyring av plandokument med KU

Når planprogrammet er fastsett blir plandokumenta med KU utarbeidd og sendt kommunen for handsaming til offentleg ettersyn. Plandokumenta skal leggjast ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

Etter offentleg ettersyn blir innkomne merknadar vurdert og eventuelle justeringar av plandokumenta med KU blir innarbeidd. Dersom det blir lagt opp til store endringar, må plandokumenta med KU ut på nytt offentleg ettersyn.

##### 3.1.3 Vedtak av plandokumenta

Etter høyring av plandokumenta kan planmynde vedta plandokumenta. Vedteken plan fastsett framtidig arealbruk og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak.

##### 3.1.4 Klagefrist

Etter at vedtak av planen er kunngjort er det tre veker klagefrist, jamfør [fvl. § 29](#).

#### 3.2 Plandokument

##### 3.2.1 Oppstart av planarbeid

Det blir utarbeidd felles varsel av oppstart og framlegg til planprogram, med felles dato for å kome med tilbakemelding.

##### 3.2.2 Offentleg ettersyn

Det skal utarbeidast detaljregulering for området, den vil basere seg på overordna planar for området og overordna føringar.

Plandokument til offentleg ettersyn vil bestå av:

- Plankart
- Planomtale med KU
- ROS-analyse
- Føresegner
- Innkomne merknadar til oppstart/høyring av planprogram
- Merknadvurdering til varsel om oppstart/høyring av planprogram
- Fagutgreiingar


### 3.3 Framdriftsplan

Tabell under syner framlegg til framdrift av arbeidet med planarbeidet. Til lenger ut i tid det går, til meir usikkert blir framdriftsplanen. Rosa boksar syner milepålar for kommunal handsaming/offentleg ettersyn, grøne boksar syner tid for utarbeiding av plandokumenta, gule boksar høyringstid og blå boksar politisk handsaming.

### 3.4 Medverknad og organisering

#### 3.4.1 Medverknad

Planarbeidet skal skje i samsvar plan- og bygningslova, med høyring, kunngjering, annonsering og varsling av naboar/offentleg mynde med brev. Det blir lagt opp til utvida varsling av naboar mot vest og aust for at dei som kan bli råka av planen vert orientert.



Figur 4 Framlegg til framdriftsplan for DP MOWI Rovde.

Det er ønskeleg med dialog og samhandling med offentleg mynde og heimelshavarar ved planområdet. Gjennom heile planprosessen blir det lagt opp til tett dialog med kommunen.

Det blir sendt skriftleg varsel til:

*Offentlege høyringsinstansar:*

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
 Møre og Romsdal fylkeskommune  
 Kystverket  
 Fiskeridirektoratet  
 Mattilsynet  
 Statens vegvesen  
 NVE  
 Direktoratet for mineralforvaltning  
 Mørenett  
 Vanylven kommune – renovasjon

*Grunneigarar innanfor planområdet og naboar til planområdet:*

Gbnr. 107/5, 24, 25, 32, 42, 43, 44, 111/1, 2, 9, 11, 12, 14, 15, 17, 13112/2, 3, 5, 6, 7, 9, 13, 14, 16.

Vegard Kammen, Tonje Sætre, Anne-Lise Hånes, Bente Oddrun Sundnes, Ole Per Enebakk, Grete Jorun Vik Sætre, Jan-Sindre Sundnes, Gudbjørn Svein Vik, Arild Per Vik, Magne Ove Vedeld, Per Asbjørn Knardal, Egil Vedeld, Svein Vedeld, Vedeld Eigedom AS, Pål Kristian Vedeld, Karen Dyb Wedeld, Jan Steinar Sundnes, Janne Iren Sundnes Voksø, Elin Aksnes.

Plandokumenta blir også tilgjengeleg på kommunen sine heimesider og OSE AS sine heimesider i høyringstida:

- Utsendingsbrev
- Planprogram
- Ulike kart med framlegg til plangrense

### 3.4.2 Organisering

Etter oppdrag frå heimelshavar står OSE AS for utarbeiding av detaljplan med KU. Planen vil bli utarbeidd i tett dialog med kommunen.



Bilete 2 Del av MOWI sitt anlegg ovanfor fylkesveg 652.

## 4. Omtale av planområdet

### 4.1 Planavgrensing

Plangrensa følger areal sett av til næringsformål i arealdelen mot nordvest og vest og sørvest. Mot nord blir lagt opp til utfylling av sjøareal i samsvar med arealgrense i sjø for utbyggingsområde i arealdelen, med fyllingsfot i sjø utanfor denne grensa. Fyllingsfoten skal kome innanfor planområdet. I sør er planområdet utvida mot sør i høve kommuneplanen sin arealdel for å sikre tilstrekkeleg areal for ønska utbygging, inklusiv mellombels areal til skjering i samband med utbygging. Plangrensa er lagt inn i areal sett av til LNF, og areal som blir nytta til landbruksformål, jamfør figur 4 over.

Innteikna byggjegrænse i illustrasjon under syner om lag kvar nye bygg sør for fylkesvegen vil kome. Men sidan ein ikkje har kontroll på grunntilhøva endå, vert plangrensa lagt lenger sør.

Arealet for planområdet er på omlag 140 daa, inklusiv, veg, areal til gang- og sykkelveg, fyllingsfot i sjø og skjeringsareal på land, som blir tilbakeført til landbruksareal.

Det vert lagt opp til å redusere planområdet mot sør ved utlegging av plandokumenta til offentleg ettersyn.

Det er teke med areal i sør langs elva for eventuell erosjonssikring av elva,

### 4.2 Noverande bruk

Grovt sett er dagens bruk av planområdet om lag slik:

- 13 daa, brukt av Rovde møbel og MOWI ASA
- 28 daa, strandsone aust for elva, delvis utfyllt, molo, veg og naust (utbyggingsareal i kommuneplanen; næring, småbåthamn og naust)
- 35 daa, sjøareal
- 24 daa, veg, masseuttak, skråning

- 33 daa, landbruksareal i drift, skråning, veg
- 6 daa, elv

### 4.3 Framtidig bruk

Det blir regulert for å leggje til rette for utviding av MOWI ASA sitt landbaserte akvakulturanlegg for produksjon av smolt og utvidingsareal for Rovde møbel.

Det er ønskeleg å leggje til rette for auka produksjonskapasitet for smolt og leggje til rette for at fisken kan vere lenger på land før den skal ut sjø for vidare oppforing til matfisk. Auka snittvekter på smolten er eit viktig tiltak for å løyse handtering av luseutfordringar. Næringa har seinare år auka snittvektene på smolt før utsett i sjø. Hovudårsaka til dette er å redusere produksjonstid i sjø og betre kunne handtere krava på lusenivå og handtering av desse på en meir føreseieleg måte. Gevinsten størst på vårutsett smolt som med større utsett vekt vil unngå meir enn en sommar i sjøen og avlaste ståande biomasse og fisk i periodar der lusestrykket er som størst.

Rovde er lokalisert i område der MOWI ASA har fleire lokalitetar i sjø og er vurdert som utbyggingsplass for ei kraftig oppgradering og fornying på anleggsmasse, produksjon og tilsette og det planleggast eit stort anlegg med ei bygningsmasse på om lag 20.000 m<sup>2</sup>. Til samanlikning er anlegget i Steinsvik, i Volda kommune, under 10.000 m<sup>2</sup>.

Det er ønskeleg å leggje til rette for nye bygningar til smoltproduksjon. Det må gravast ut på land og fylle ut i sjø for å få tilstrekkeleg stort tomteareal for bygningar, ny kai og nødvendig manøvreringsareal. Masse som må fjernast er grovstipulert til 300 000 fm<sup>3</sup>. Det er mogleg å få tak i sprengstein i nærområdet til utfylling i sjø, masse frå tomt sør for fylkesvegen kan truleg delvis nyttast også, blir avklart i samband med grunnundersøking. Bygningsmasse er ikkje prosjektert endå, men vil truleg ha grunnflate i storleiken 20 000 m<sup>2</sup>.

Nytt anlegg skal vere RAS-anlegg, som vil gje liten negativ påverknad til omgjevnaden. Eksisterande anlegg er forsynt med ferskvatn frå

Videildselva/Sundneselva, med vassdragskonsesjon frå NVE og juridiske rettar frå grunneigarar. Det blir søkt om utviding av utsleppsløyve og konsesjon for lokaliteten for å auke volum frå lokaliteten.

Planen vil leggje opp til avbøtande tiltak mot forureining, avrenning av lausmassar til sjø og nedbygging av landbruksjord.

Ønska tiltak er ikkje detaljprosjekttert, men per no ser ein for seg slik arealbruk av planområdet:

- 72 daa, utbyggingsareal
- 32 daa, sjøareal (fyllingsfot)
- 13 daa, veg, gang- og sykkelveg
- 20 daa; 16 daa, landbruksareal, 4 daa skråning mot elv
- 2 daa, elv

Det er ønskeleg å utvide næringsområdet i sjø i aust i høve utbyggingsareal i kommuneplanen sin arealdel, der det er grunnast, for

å redusere nedbygging av landbruksareal.



Figur 5 Grovmaska arealfordeling som er ønska i reguleringsplanen. Det blir arbeid vidare med å redusere bruk av dyrka mark.

#### 4.4 Planstatus for planområdet

Kommuneplanen sin arealdel

Del av planområdet ligg innanfor areal sett av til næring og utbyggingsareal. Det er teke med areal sør for fylkesvegen i LNF-formål for å få med tilstrekkeleg areal til utviding av anlegget. Delar av dette vil bli nytta til næring, resten blir regulert til landbruk.

Regulering

Området er ikkje regulert frå før.

Dispensasjon

Det er ikkje gjeve dispensasjon som vil påverke planarbeidet.

#### 4.5 Formål

Reguleringsplanen vil bli utarbeidd med hovudsakleg desse formåla:

- Vegformål – veg, gang- og sykkelveg
- Næring
- Kai
- Bruk og vern av sjø
- Landbruk

Planen vil leggje til rette for at det kan førast opp nødvendig bygningar og anlegg for akvakultur. Fyllingsfot for ny utfylling i sjø vil bli lagt i formål bruk og vern av sjø, der topp fylling mot sjø i hovudsak vil følgje avgrensing i kommuneplanen sin arealdel mot sjø. For del av regulert areal til landbruk blir det lagt opp til at det kan nyttast som mellombels skjering til byggjegropa, men skal tilbakeførast til landbruksjord.

#### 4.6 Bygningsmasse

Planen vil leggje rammer for omfang og utforming av nye bygningar, med maks bruksareal (BRA), byggjehøgde og lokalisering av bygg (byggjegrænse). Funksjon for nye bygningar vil vere til produksjon av smolt i landbasert anlegg med RAS teknologi og møbel verksemd.

Utnytting

Det blir lagt opp til høg maksimal BYA for utbyggingsområda, for å utnytte arealet best mogleg for nye bygningar og byggje mest mogleg kompakt for å redusere inngrep i området.

#### 4.7 Byggjehøgde

Maksimal gesims-/mønehøgde blir sett til inntil 15 m over gjennomsnittleg planert terreng.



Bilete 3 Elvemunninga for Videildselva/Sundneselva med bru for fylkesvegen.

## 5. Konsekvensutgreiing (KU)

### 5.1 Avklaring konsekvensutgreiing

Etter pbl. § 4-1 skal alle reguleringsplanar som kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn utarbeide planprogram som grunnlag for planarbeidet. Forslagsstillar skal også vurdere om plan eller tiltak vil bli omfatta av [forskrift om konsekvensutredning](#) §§ 6, 7 og 8.

Heimel for krav om planprogram er plan- og bygningslova § 4-1 og forskrift om konsekvensutredning.

#### 5.1.1 § 6 Planar og tiltak som alltid skal KU og ha planprogram eller melding

Tiltaket skal vurderast mot forskrift om konsekvensutgreiing av 2017 § 6, bokstav b; tiltak etter vedlegg I. Etter vedlegg I, nr. 24, skal næringsbygg med bruksareal (BRA) over 15 000 m<sup>2</sup> konsekvensutgreiast.

Ny utbygging er ikkje prosjertert endå, men tidleg vurderingar syner at ny bygningsmasse for akvakultur vil bli på om lag 20 000 m<sup>2</sup> grunnflate. Vidare prosjektering vil gje betre oversikt, og i samband med plandokument til offentleg ettersyn vil ein ha betre oversikt. Eksisterande kai har vore nytta av Ronja Princess og Aqua Kvaløy, begge desse er på over 1 350 tonn DWT. Det blir difor ikkje krav om KU for skip iver 1 350 tonn.

Det vil difor vere krav om konsekvensutgreiing etter vedlegg I nr. 24.

§ 7 Planar og tiltak etter andre lover som alltid skal KU, men ikkje ha melding

Det er ikkje krav om KU etter § 7 sidan det blir lagt opp til detaljregulering etter pbl., og ikkje andre lover for tiltak etter vedlegg I og II

§ 8 Planar og tiltak som skal ha KU dersom dei kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn.

Eigenskapar for planen/tiltaket:

#### a) Storleik, planområde og utforming

Planområdet er på om lag 140 daa. Arealet femnar om areal som er nytta til landbruksdrift, næring (treindustri, akvakultur, masseuttak), veg og sjøareal. Austleg del av planområdet er utforma for å sikre tilstrekkeleg areal til ønska utbygging, areal heilt i sør er for å sikre at mellombelse tiltak knytt til tomtearbeidet vil liggje innanfor planområdet, arealet skal tilbakeførast til landbruksareal, sjå figur 6 over for grovmaska framstilling av arealbruk. Mot nord er det teke med sjøareal for å sikre at fyllingsfoten kjem innanfor planområdet, det vert ikkje lagt opp til større landutfylling enn det som det er opna for i arealdelen, anna enn i aust, der det er grunnare. Mot vest er det arealdelen som legg føringar for plangrensa. Langs fylkesvegen er det teke med ekstra areal for å sikre fri sikt frå avkøyrslar.

#### b) Bruk av naturressursar, særlege areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar.

Det vert lagt opp til bruk av naturressursar, landbruksjord. Ressursen er avgrensa førekomst.

Det blir lagt opp til å nytte minst mogleg dyrkajord. Det er forsøkt kartlagt kompensierende tiltak vedkomande dyrka mark. Det er ilag gardbrukar på Rovde sett på moglege areal for kompensierende tiltak for å reetablere tilsvarande dyrkingsareal, gje betre arrondering av eksisterande jordbruksareal m.m. Det vil bli arbeidd vidare med avbøtande tiltak i høve nedbygging av landbruksjord, i samarbeid med kommune og offentleg mynde. KU-tema.

c) Avfallsproduksjon og utslepp

Anlegget vert etablert med så kalla RAS-teknologi - der alt vatn vert reinsa, kontrollert og sirkulert i samsvar med kjent teknologi. Produksjonen vil då redusere bruken av vatn i samband med produsert fisk med at ein brukar 1-3 % nytt vatn under produksjon og alt vatn vert reinsa i filter og biologisk. Det vert også halde jamnare forhold på temperatur og andre parameter slik at det vert ein jamn produksjon gjennom heile året. Det er tenkt å etablere 3-4 nye avdelingar i tillegg til dei bygga som er på anlegget i dag. Dagens bygningsmasse vert også oppgradert og tilordna som klekkeri og startføring for å forsyne dei nye store hallane.

d) Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar

Det blir ikkje auka risiko for alvorlege ulykker/katastrofar.

Lokalisering og påverknad som planen kan kome i konflikt med:

a. Planen vil ikkje medføre tiltak i verneområde, utvalde naturtypar, prioriterte artar, verna vassdrag eller kulturmiljø. Konsekvensar av tiltaket kan medføre påverknad for sjølivet utover fysisk arealbruk. Konsekvensar av tiltaket må vurderast.

b. Planen vil ikkje medføre tiltak som vil skade truga artar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne, viktige mineralressursar eller friluftsliv. Det er registrert naturtype tareskog med stortare

innanfor planområdet, registrert med verdi viktig, og art med særleg stor forvaltningsinteresse – *Owenia borealis* - børstemark. Video av sjøleidning syner ikkje stortare. Det blir lagt opp til at det kan fyllast ut i sjø for ei strekning på om lag 540 m, det er registrert naturtype stortare innanfor utfyllingsområdet, og utfylling i sjø kan påverke marint liv utover planområdet. Det er registrert SEFRAK-bygg frå før 1850 innanfor planområdet, men det ser ut som naustet aust for elva har vorte fjerna.

c. Planen/tiltak kjem delvis i konflikt med statlege planretningslinje, tiltak i strandsona.

I kommuneplanen sin arealdel er strandsona sett av som utbyggingsområde, det blir lagt opp til at fyllingsfoten til sjøfyllinga vil kome utanfor grense for arealformål i kommuneplanen.

d. Det vert lagt opp til omdisponering av LNF-formål som er dyrka. Planen vil få negative konsekvensar for landbruksdrift. Det vert lagt opp til omdisponering av landbruksareal på om lag 12 daa. Konsekvensar av tiltaket må KU-vurderast, må vurdere avbøtande tiltak.

e. Det blir ikkje lagt opp til særleg auka miljøbelastning.

f. Planen vil gje små negative konsekvensar for befolkninga si helse.

g. Planen vil ikkje gje vesentleg forureining eller klimagassutslepp.

h. Risiko for alvorlege ulykker som følgje av naturfarar er truleg liten. Må avklare grunnforholda i området, aktsemd for flaum og skred.

Planlagde tiltak vert vurdert til å medføre vesentleg verknad for miljø og samfunn, jamfør § 10 i KU-forskrifta, dette gjeld omdisponering av dyrka areal og påverknad naturmangfald.

Etter ei samla vurdering blir det vurdert at planarbeidet for detaljplan MOWI Rovde utløyser krav om konsekvensutgreiing og planprogram.

## 5.2 Konklusjon KU

Det skal utarbeidast KU (konsekvensutgreiing) på grunn av:

- På grunn av tiltak etter vedlegg I - næringsbygg på over 15 000 m<sup>2</sup> BRA.
- På grunn av vesentleg verknad etter § 8

KU tema vil vere:

- Næringsbygg over 15 000 m<sup>2</sup>
  - Fjern og nærverknad
  - Konsekvensar av slik utbygging
- Landbruk


## 5.3 Behov for vurderingar og utgreiingar

Det vil vere behov for vurderingar/utgreiingar av ulik karakter for å omtale konsekvensar av plan:

- Konsekvensutgreiingar (KU) (tema/høve som blir påverka i vesentleg grad)
- Vurdering i planomtalen (tema/høve som blir påverka i liten/mindre grad)
- Tiltaksutgreiingar (byggjesøknad) (Utgreiingar knytt til eventuelle konkrete planlagde tiltak)

## 5.4 Tilnærming og metodikk

For kvart deltema blir det i konsekvensutgreiinga gjeve ein kort omtale av dagens situasjon og vurdering av planen sine konsekvensar både i anleggs- og driftsfase. Det blir også gjeve ein omtale av influensområde, som vil variere etter kva tema som blir omtalt. Datagrunnlaget vert vurdert og metode for å omtale konsekvensar. I tråd med KU-forskrifta skal vurderingar så langt som råd vere basert på gjeldande kunnskap og nødvendig oppdatering av denne.




Bilete 4 Areal nord for eksisterande næringsbygningar vest i planområdet.

Metodikken frå Miljødirektoratet sin Rettleiar M-1941  
Konsekvensanalyser (Miljødirektoratet 2021a) vil bli nytta.  
Konsekvensutgreiinga vil byggje på 3 sentrale omgrep – verdi, påverknad og konsekvens:

Skala	Konsekvensgrad	Forklaring
----	Svært alvorlig miljøskade	Den mest alvorlige miljøskaden som kan oppnås for området. Gjelder kun for områder med stor eller svært stor verdi.
---	Alvorlig miljøskade	Alvorlig miljøskade for området
--	Betydelig miljøskade	Betydelig miljøskade for området
-	Noe miljøskade	Noe miljøskade for området
0	Ubetydelig miljøskade	Ingen eller ubetydelig miljøskade for området
+/+	Noe miljøforbedring. Betydelig miljøforbedring	Miljøgevinst for området. Noe forbedring (+) eller betydelig forbedring (++)
+++ /++++	Stor miljøforbedring. Svært stor miljøforbedring	Stor miljøgevinst for området. Stor (+++) eller svært stor (++++) forbedring. Benyttes i hovedsak der områder med ubetydelig eller noe verdi får en svært stor verdiøkning som følge av tiltaket

Figur 6 Konsekvensvifte som viser samanstilling av verdi og påverknad av tiltak. Kjelde [Miljødirektoratet 2021a](#)

- Verdi - vurdering av kor verdifullt området er
- Påverknad – vurdering av korleis området vert påverka som følge av definerte tiltak
- Samanstilling av verdi og påverknad i matrise under (konsekvensvifte). Konsekvensen er vurdering av definerte tiltak vil medføre betring eller forringing i tiltaksområdet



Figur 7 Forklaring til konsekvensvifte. Kjelde [Miljødirektoratet 2021a](#)

Konsekvensanalysen blir utarbeidd på reguleringsplannivå.  
Utgreiingane skal vere relevante for dei avgjerle som skal takast.  
Dette medfører at utgreiingsnivået for ulike tema vil variere.  
Utgreiingane skal vere mest mogleg kortfatta, avgjerslerelevante og skal byggje på kjent kunnskap.

### 5.5 Alternativ lokalisering

Tiltakshavar ønskjer å utnytte ein ressurs som ikkje er flyttbar; vidare utvikling av eksisterande anlegg/konsesjon for å ta ut vatn frå Videildselva/Sundneselva. Alternativ plassering vil vere ein annan eksisterande lokalitet langs kysten.

Det blir lagt til grunn at konsekvensutgreiinga vil nytte eksisterande situasjon som samanlikningsgrunnlag.

## 5.6 0 - alternativ

0-alternativ vil være at området ligg som i dag, for eit område som det er gjort delvis er gjort terrenginngrep i og det er næringsverksemd ved, med mogleg utviding i samsvar med overordna plan. Konsekvensar av 0-alternativet, vil bli utgreidd gjennom konsekvensutgreiinga. Framlegg til reguleringsplan vil for utgreiingstema bli vurdert mot 0-alternativet. 0-alternativet sine konsekvensar for miljø og samfunn vil bli omtala.

## 5.7 Vurdering av tiltak

Avgrensing av utbyggingsområdet blir ei avveging av moglegheit for tilstrekkeleg fleksibel utnytting og økonomisk spørsmål for tiltakshavar om å få dekt inn investeringskostnadar i området. Avgrensing av næringsområdet vil ikkje vere tema i planarbeidet, då alternativet vil vere flytting av heile anlegget til annan lokalitet.

## 5.8 Program for KU/planomtale

Oversikt og omtale av relevante problemstillingar, med avklaring av behov for konsekvensutgreiing og/eller vurdering i planomtalen.

### 5.8.1 Landskapsbiletet

#### Eksisterande situasjon

Det overordna landskapsbiletet ved planområdet er terrassert, delvis ope landskap, med avgrensing mellom sjø og land. Planområdet er nordvendt, ligg ved fjorden og med terreng som stig mot fjell i sør. Det er opne areal nytta til landbruk mot vest, aust og sør. Det ligg spreidd busetnad mot aust og nord, med meir konsentrert i nærområdet til planområdet mot vest.

#### Mogleg verknad

Tilrettelegging av tiltaket vil medføre terrengendringar som vil påverke opplevinga av landskapet og må vurderast særskilt. Eventuelle avbøtande tiltak må omtalast. Det vert lagt opp til uttak av om lag 300 000 m<sup>3</sup> masse, som delvis vil bli nytta til utfylling i sjø. Krav om konsekvensutgreiing etter § 6 i forskrift om konsekvensutgreiing på grunn av bygningsmasse over 15 000 m<sup>2</sup>, konsekvensar av slik utbygging.

#### Utgreiingsbehov

Temaet blir nærare utgreidd i KU og vurdert i planomtalen. Verknad av mogleg tiltak etter planen må vurderast og visualiserast utover det som alt er gjort av fysiske tiltak innanfor planområdet. Vurdering av konsekvensar ønska tiltak vil få utanfor planområdet. Eventuelle avbøtande tiltak må inn i føresegnene. Influensoområdet vil også vere utanfor planområdet mot vest, aust og nord.

### 5.8.2 Kulturminne/kulturmiljø

#### Eksisterande situasjon

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor eller ved planområdet, i Det ligg ikkje automatisk freda kulturminne i nærområdet som vil verte påverka av planarbeidet. Det er registrert SEFRAK – bygningar – naust, vest i planområdet og aust for elva som går gjennom planområdet. Naust aust for elva ser ut til å vere fjerna. Det er registrert nyare tids kulturminne innanfor planområdet som blir råka av tiltaket, steingard mellom gbnr. 111/1 og 2 langs vegen. Det er krav om arkeologisk registrering av planområdet, det er tinga arkeologisk registrering.

### Mogleg verknad

Planen vil truleg medføre små negative konsekvensar for temaet, vil vere avhengig av eventuelle funn.


### Utgreiingsbehov

Temaet blir vurdert i planomtalen. Det blir utført fagutgreiing. Influensområdet er nærområdet til planområdet.

## 5.8.3 Naturmiljø/naturmangfaldlova

### Eksisterande situasjon

Det er ikkje registrert raudlista artar innanfor eller like ved planområdet. I sjøen på kvar side av elvemunninga er det registrert større tareskogförekomst med verdi viktig. Förekomsten er modellert. I samband med kontroll av sjøleidningar er det gjort videoopptak som syner at det ikkje er tare i området ved elvemunninga. Meir dokumentasjon om dette i planomtalen. Det vil



Figur 8 Foto frå videokontroll av sjø leidningar. Kjelde MOWI ASA.

bli gjort meir registreringar av sjøbotnen, og med vurderingar av konsekvensar for resipienten av nytt anlegg.

### Mogleg verknad

Planen vil få konsekvensar for naturmangfald på grunn av terrenginngrep og utfylling i sjø, hovudsakleg marine artar. Det blir vurdert avbøtande tiltak for å hindre spreining av finstoff i sjø.

### Utgreiingsbehov

Sidan det blir lagt opp til lite konflikt, er det vurdert som tilstrekkeleg at konsekvensane for naturmiljøet blir vurdert i planomtalen. Influensområdet vil vere areal også utanfor planområdet, spesielt i sjø for marine artar.

## 5.8.4 Naturressursar

### Eksisterande situasjon

Planområdet eller nærområdet til planen har naturressursar, landbruksareal i drift og det er teke ut masse.

### Mogleg verknad

Planen vil medføre nedbygging av landbruksjord, om lag 12 daa, og uttak av masse. Permanent verknad.

### Utgreiingsbehov

Det vil bli vurdert og sett krav om avbøtande tiltak for å redusere konsekvensane av nedbygging av dyrka jord. Blir vidare utgreidd i KU, krav om avbøtande tiltak knytt opp i føresegn. Influensområdet vil vere bygda.

### 5.8.5 Vassdrag

#### Eksisterande situasjon

Det er elva som går gjennom planområdet - Videildselva/Sundneselva

#### Mogleg verknad

Det kan vere aktuelt å sikre elva mot erosjon sør i planområdet, sidan det blir lagt opp til å byggje nære elva i dette området. Nordaust for elva blir det lagt opp til å fylle ut i sjø.

#### Utgreiingsbehov

Det blir gjennomført flaumvurdering, og det blir gjort vurderingar i høve konsekvensar naturmangfald.

### 5.8.6 Bygningsmiljø og -volum

#### Eksisterande situasjon

Innanfor planområdet er det fleire næringsbygningar, om lag 4 500 kvm grunnflate. Ved planområdet er det bustadområde og spreidd utbygging.

#### Mogleg verknad

Planen vil leggje til rette for at større bygg kan førast opp, truleg bygningsmasse på om lag 20 000 m<sup>2</sup> BRA. Usikkert kor mykje endå, men over 15 000 m<sup>2</sup>. Det blir vurdert krav om tilpassing til området med material- og fargebruk for å kamuflere nytt bygg.

#### Utgreiingsbehov

Konsekvensar for volum, estetikk og plassering av nytt bygg blir vurdert i KU.

#### Forureining

##### Eksisterande situasjon

##### Forureining til luft

Det er ikkje kjent eller registrert forureining til luft i eller like ved planområdet.

##### Grunnforureining

Det er ikkje kjent eller registrert forureina masser i eller like ved planområdet. Det vil bli gjennomført prøvetaking av masse på sjøbotnen og nokre stadar på land for å sjekke om det er forureina masse i området. Det vert lagt opp til å søkje om utsleppsløyve i sjø parallelt med offentleg ettersyn av plandokumenta.

##### Forureining til vatn

Det er ikkje kjent eller registrert forureining til sjø. Det er utsleppsløyve for eksisterande akvakulturanlegg, det blir søkt om utviding av utsleppsløyve.

##### Støy

Det er ikkje kjent eller registrert støy som er til ulempe. Vegstøy vil ikkje ha innverknad på næringsutbygging. Det blir vurdert tiltak for å redusere støy frå nytt anlegg.

##### Mogleg verknad

Oppføring av tiltak vil medføre sporadisk støy i varierende grad til omgivnaden, maskiner i bruk og byggjeverksemnd. Hovudsakleg vil det vere grunnarbeid som vil gje ulemper utanfor planområdet. Arbeid ned utfylling i sjø kan medføre avrenning av finpartiklar til sjø. Planen må stille krav om at tiltak og verksemnd innanfor planområdet held seg innanfor støygrensene fastsett i Miljøverndepartementet sin rettleiar T-1442.

### Utgreiingsbehov

Konsekvensar, avbøtande tiltak og vilkår for støyande verksemd/potensiell avrenning blir omtalt/vurdert i planomtalen/krav i føresegnene. Influensområdet vil vere planområdet med tilstøytane sjøareal og kringliggande bustadar. Det må truleg søkjast Statsforvaltaren om utfylling i sjø.

## 5.8.7 Grunnforhold

### Eksisterande situasjon

Lausmassane i og ved planområdet er elve-, breelv avsetning og morene. Planområdet ligg under marin grense, det kan vere marine avsetningar i området. Det skal fyllast ut i sjø, usikkert kva massar det er i sjø.

### Mogleg verknad

Tiltak innanfor planområdet vil medføre fjerning av lausmassar og utfylling i sjø.

### Utgreiingsbehov

Det blir gjennomført grunnboring på land og i sjø, det vert sett krav om prosjektering av utfylling i sjø i føresegnene. Vurdering av grunnforholda blir omtalt i planomtalen. Influensområdet vil vere planområdet og nærområdet i strandsona.

## 5.8.8 Næringsliv og sysselsetting

### Eksisterande situasjon

Det er eksisterande næringsverksemd innanfor planområdet – Rovde møbel, landbasert smoltanlegg for MOWI Rovde og landbruk. Per i dag er det sysselsett om lag 18 - 20 personar innanfor planområdet.

### Mogleg verknad

Utvikling av planområdet vil generere fleire arbeidsplassar i framtida, truleg om lag 10 – 15 nye.

### Utgreiingsbehov

Vurderingar av konsekvensar/framtids utsikter blir omtalt i planomtalen. Influensområdet vil vere bygda/kommunen.

## 5.8.9 Transport og trafikk

### Fylkesveg 652 - Rovdestranda

Næringsområdet vil kople seg direkte til offentleg veg til fv. 652. Fv. 652 går gjennom planområdet, ÅDT er sett til 400 køyretøy etter skjønn av Statens vegvesen, fartsgrense er 60 km/t for vestleg del av planområdet, og 80 km/t aust for elva. Fv. 652 har haldningsklasse 2 – streng.

### Mogleg verknad

Planen vil føre til små endringar, tal avkøyrslar vil bli oppretthaldne. På sikt vil det noko bli meir persontrafikk til/frå planområdet, med utvikling av næringsområdet. I samband med byggeperioden vil det vere kryssande trafikk av tungekøyretøy. Det blir vurdert kulvert under vegen for person- og smolttransport mellom anlegga. Det blir regulert inn gang- og sykkelveg langs fylkesvegen, jamfør kommuneplanen

### Utgreiingsbehov

Vurderingar av konsekvensar/endringar blir omtalt i planomtalen, krav til geometrisk utforming og friskt i føresegnene. Influensområdet vil vere planområdet og langs fv. 652 nærast planområdet.

### 5.8.10 Teknisk infrastruktur

#### Eksisterende situasjon

Det er bygd ut teknisk infrastruktur i og ved planområdet.

#### Mogleg verknad

Det må byggjast ut med nødvendig teknisk infrastruktur for nytt anlegg, også utanfor planområdet, inntak og utlaupsleidningar, mogleg kulvert gjennom fylkesvegen, RAS-anlegg og kar m. m. Det må byggjast ut med nødvendig sanitæranlegg og velferdsrom for å stette krav til arbeidsplassforskriften.

#### Utgreiingsbehov

Blir omtalt i planomtalen. Influensområdet vil vere planområdet.

### 5.8.11 Nærmiljø og friluftsliv

#### Eksisterende situasjon

Innanfor og ved planområdet er det ikkje registrert bruk til friluftsliv og liknande i GisLink. Det er bygd molo og det ligg naust innanfor planområdet. Det er truleg sporadisk bruk av strandsona i vest og austleg del av planområdet.

#### Mogleg verknad

Utfylling og utbygging i strandsona kan gjere delar av strandsona mindre tilgjengeleg. Det blir lagt opp til terreng- og endringar i strandsona. Det vil bli vurdert avbøtande tiltak, med mogleg tilgang til delar av strandsona for fiske frå land, eventuelt andre tiltak slik at strandsona kan vere tilgjengeleg.

#### Utgreiingsbehov

Konsekvensar nærmiljø og friluftsliv blir omtalt i planomtalen. Influensområdet vil vere nærområdet til planområdet, hovudsakleg strandsona og langs elva.

### 5.8.12 Barn og unge

#### Eksisterende situasjon

Planområdet femnar om veg, strandsona og dyrka mark. Det er ikkje lagt til rette for at barn og unge skal opphalde seg innanfor planområdet. Det er ikkje registrert bruk av området av barn og unge.

#### Mogleg verknad

Planen vil gje konsekvensar for tilkomst til/ og for strandsona og langs elv. Det blir lagt opp til terreng- og endringar i strandsona. Det vil bli vurdert avbøtande tiltak, med mogleg tilgang til delar av strandsona for fiske frå land, eventuelt andre tiltak slik at strandsona kan vere tilgjengeleg.

#### Utgreiingsbehov

Konsekvensar blir omtalt i planomtalen. Influensområdet vil vere nærområdet til planområdet.

### 5.8.13 Universell utforming

#### Eksisterende situasjon

Tilkomst innanfor til planområdet vil truleg ikkje stette krav til universell utforming for alle bygningar, stigning blir for bratt. Største delen av næringsområdet vil truleg stette til tilkome med terrengendringar.

### Mogleg verknad

Planen vil føre til små endringar.

### Utgreiingsbehov

Konsekvensar blir vurdert i planomtalen. Influensområdet vil vere planområdet.

## 5.8.14 Samfunnstryggleik ROS

### Eksisterande situasjon

Del av planområdet ligg i område som er vurdert som aktsemdsområde i høve skred i bratt terreng, flaum og planområdet ligg under marin grense.

### Mogleg verknad

Det blir lagt opp til utfylling i sjø, planering av terreng og oppføring av nye næringsbygningar som kan bli påverka av naturfare.

### Utgreiingsbehov

Det skal gjennomførast fagutgreiingar i høve naturfare. Konsekvensar blir omtalt i planomtalen. Eventuelle faresoner med føresegn blir innarbeid i planen. Det blir sett krav om geoteknisk prosjektering av sjøfylling i føresegnene. Det skal utarbeidast ROS-analyse for planområdet. Influensområdet vil vere nærområdet til planområdet.

## 5.8.15 Kommuneøkonomi

### Eksisterande situasjon

Kommunen eig ikkje areal eller har andre interesser innanfor planområdet.



*Bilete 5 Strandsone aust for elvemunninga som er planlagt fylt ut.*

### Mogleg verknad

Vegar og teknisk infrastruktur innanfor og ved planområdet er bygd ut. Det ikkje lagt opp til opparbeiding av kommunal vegar innfor planområdet. Det vil bli fleire arbeidsplassar.

### Utgreiingsbehov

Konsekvensar blir vurdert i planomtalen. Influensområdet vil vere planområdet.

## 6. Samandrag utgreiingsbehov/nivå

Tema	Planomtale	KU	Metodikk
Landskap		x	Rettleiar M-1941 / 3D
Kulturminne/kulturmiljø	x		Utsjekk i Askeladden, lokal kunnskap
Naturmiljø/naturmangfald	x		Utsjekk arts databasen og naturbase/fag utgreiing
Konsekvensar naturressursar	x		NGU, Geologi konsulent
Bygningsmiljø og -volum		x	Rettleiar M-1941 / Basert på lokal kunnskap
Forureining	x		T-1442 (2012) Behov for støydempende tiltak blir vurdert/lokal kunnskap
Grunnforhold	x		NGU, på lokal kunnskap
Næringsliv og sysselsetting	x		Basert på lokal kunnskap
Transport og trafikk	x		Statens vegvesen sin database, lokal kunnskap
Teknisk infrastruktur	x		Basert på lokal kunnskap
Barn og unge	x		Basert på lokal kunnskap
Universell utforming	x		Temaveiledning om universell utforming av byggverk og uteområde
Samfunnstryggleik/ROS	x		Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging (retteiar DSB)
Kommunen sin økonomi	x		Basert på lokal kunnskap,
Landbruk		x	Rettleiar M-1941 / Basert på lokal kunnskap/kommunen